



Rolf Reigstad  
Gjervika 28  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1218 - 17/16074

Saksbehandlar:  
Trygve Solberg  
Trygve.Solberg@lindas.kommune.no

Dato:  
01.06.2017

## Løyve til påbygg - gbnr 188/6 Gjervik ytre

### **Administrativt vedtak. Saknr: 250/17**

**Tiltakshavar:** Rolf Reigstad  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Tiltak

Saka gjeld søknad om påbygg på eksisterande bustad med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 45m<sup>2</sup>. Søknaden omhandlar også innsetting av 5 takvindauge. Det vert elles vist til søknad som sjølvbyggjar.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 11.04.2017 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

### Planstatus

Kommunedelplan for Knarvik – Alversund.

### Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

### Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl. § 21-3.

### Tekniske krav til byggverk

Tiltaket skal prosjekterast og førast opp i samsvar med forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK), jf. pbl. § 29-5.

### Gjennomføring

Søknad om personleg ansvarsrett som sjølvbyggjar gjeld alle funksjonar og arbeidsområde. Det er difor ikkje krav om gjennomføringsplan for tiltaket.

VURDERING:



### Visuelle kvalitetar

Tiltaket har etter kommunen sitt skjønn gode visuelle kvalitetar i seg sjølv, jf. pbl. § 29-2

### VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-4 vert det gjeve løyve til oppføring av påbygg på eksisterande bustad og innsetting av 5 takvindauge på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal oppførast som vist i teikningar vedlagt søknad med heimel i pbl. § 29-4, jf. SAK § 6-3.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisas søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 17/1218.

### Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

### Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

### Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og SAK § 8-1.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar byggesak

Trygve Solberg  
sakshandsamar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Rolf Reigstad

Gjervika 28

5914

ISDALSTØ